

Merknader og innspel til oppstartsvarsel – endring av tre detaljreguleringsplanar;

Stad skipstunnel (planid 2022010)

Kjøde næringsområde (planid 2022013)

Lesto næringsområde (planid 2022014)

Juni 2026

ADRESSE COWI AS
Kvaløygata 3
5537 Haugesund
TLF +47 02694
WWW cowi.no

DATO 20.05 2026
SIDE 1/15
REF AAAE
OPPDAGSNR A269108

Bakgrunn

Det skal gjennomførast endring av tre gjeldande reguleringsplanar som heimlar tiltak for gjennomføring av Stad skipstunnel. I den samanhengen blei det sendt ut oppstartsvarsel 14.04.2026 til offentlege styresmakter, grunneigarar, naboar og andre som kan ha interesse i dei aktuelle områda. I tillegg blei det lagt ut ei full side med oppstartsvarsel i den lokale avisa Fjordene Tidende og både Kystverket og Stad kommune la orientering om saka ut på sine respektive nettsider. Fristen for å kome med uttale var sett til 10.05.2025.


Saka gjeld tre ulike reguleringsplanendringar, og her blir alle merknadar og innspel samla i eit dokument, slik at eventuelle samanhengar kan avklarast.

Nr.	Avsendar og dato	Oppsummering av merknadar	Kommentar frå plankonsulenten
Statsforvaltaren har samla merknadane til alle tre reguleringsplanendringane i ein felles uttale			
1	Statsforvaltaren i Vestland 12.05.2026 (fekkt forlenga uttalefrist frå kommunen)	Statsforvaltaren har ikkje teke stilling til KU-spørsmålet men minner om at uavhengig av KU skal verknadene på miljø og samfunn uansett utgreiast og planomtalen skal gjere greie for verknadene planen og planendringane vil ha for ulike interesser og omsyn Statsforvaltaren er samde med dei plantema som er vist i oppstartsvarelet og som skal utgreiast. Dei rår òg til å ta nærmiljøulemper (som til dømes støv og anleggstrafikk i tillegg til støy), strandsone langs sjø og vassdrag, eventuell sjøaure i bekkar, klima og karbonlagring, med i temalista som skal utgreiast vidare Det bør utarbeidast klimarekneskap for arealendringar Berekraftig massehandtering og ROS er òg sentrale plantema Overordna føringar Planen må vurderast opp mot føringar i nye statlege planretningslinjer (SPR) for arealbruk og mobilitet og for SPR for klima og energi. Det blir særskilt vist til føringane om nedbygging av karbonrike areal i SPR klima og energi –	Planforslaget og planskilddinga tek føre seg alle dei relevante temaa som er aktuelle for dei endringane som er gjennomførte. Der det allereie er gjennomført KU i tidlegare plan vil desse gjelde som grunnlag, jf. forskrift om konsekvensutgreiingar § 6b og 8a. Der endringane medfører omdisponering av nye areal som ikkje tidlegare har vore føremål for utgreiing, vil desse bli vurderte og omtalte i eigen rapport eller i planskilddinga. Temaa er vurderte og skildra i planskilddinga. Dei planlagde endringane er vurdert på eit overordna nivå for klimagassutslepp, ved å bruke NIBIO sin klimagasskalkulator for arealbruksendringar. Massehandtering har vore eige tema i gjeldande reguleringsplan, og er vurdert i samband med reguleringsplanendringane. Endra føresetnader for risiko- og sårbarheit (ROS) er òg vurdert i samband med endringane. Tatt til orientering

	«omdisponering og nedbygging av karbonrike arealer, inkludert myr, tidevannssump og andre typer våtmark og skog, skal unngås så langt som mulig, slik at arealenes evne til lagring og opptak av karbon opprettholdes. Alternative arealer skal vurderes, og konsekvenser skal belyses».	
	Utredningsbehovet Det er venta at det i planarbeidet vert grundig vurdert verknadar ved eventuell nedbygging og endringar av areal med viktige landbruks-, natur- og miljøkvalitetar, basert på oppdatert kunnskapsgrunnlag. Det må i nødvendig grad gjennomførast nye kartleggingar dersom kunnskapen frå førre planprosess ikkje fullt ut er dekkjande	Endringane er særst avgrensa til utfylling i sjøen og nokre mindre justeringar på land. I det store heile gjeld alle utgreiingar som allereie har vore utarbeidd i samband med reguleringsplanane for 2024. Det som er vurdert naudsynt å sjå nærmare på i dette planarbeidet er anten omtalt i eigen utgreiingsrapport eller i planomtalen.
	Alternativsvurdering Alternative måtar å avgrense nedbygging av og verknadane for slike areal, og aktuelle avbøtande tiltak, vil vere vesentleg plantema (leggje vekt på løysingar for effektiv arealbruk som minimerer behovet for omdisponering av nye natur- og jordbruksareal)	Måla med planane skal ikkje endrast og det er avgrensa med justeringar av landareala i planendringa. Planane vert i stor grad liggjande slik dei allereie er regulerte. Endringane tek føre seg behov for tilpassingar som er oppdaga etter at detaljprosjekteringa har starta opp, og ein har kome fram til at det er behov for meir plass til stein- og jordmassar i direkte nærleik til planområdet. Det er venta at alternativsvurderinga blei gjennomført allereie i samband med gjeldande planar, og då planendringane no er avgrensa til dei areala som allereie er omdisponerte i gjeldande planar så er det ikkje gjort vurderingar av alternativ for desse areala. Der justering eller utviding av eksisterande areal har vore aktuelt har det vore vurdert avgrensing av storleik og plassering.
	Naturmangfold Verknadane som reguleringsplanen har for naturmangfold skal vurderast etter nml. §§ 8-12 og vurderingane skal kome tydeleg fram i planomtalen	Verknadane for naturmangfold er vurderte i samband med reguleringsendringane, særskilt verknadane for sjøen og vassmiljø, og forholdet til krava i kap. II i nml. er omtalt.
	Landbruk og jordvern Når det gjeld jordverninteresser og omdisponeringspotensiale ventar Statsforvaltaren at det blir valt løysingar for effektiv	Det er sett av eit avgrensa areal for mellombels lagring av matjord i samband med anleggsarbeida. Dette arealet ligg på

	arealbruk, som minimerer behovet for omdisponering av jordbruksareal. Dei er kritiske til tiltaket med mellombels lagring av matjord på eksisterande dyrka areal og dei rår i frå bruk av denne teigen til masselagring	eksisterande dyrka mark i reguleringsplanen for Kjøde næringsområde, med krav om omsyn til nærliggjande bekkar og at eksisterande matjord også vert teke av og lagra i ranker slik planføresegnene viser til. Det er i tillegg gjort vurderingar om alternative plasseringar.
	Statsforvaltaren stiller spørsmål til kva konsekvensane blir for landbruks- og jordverninteressa ved utviding av fylling mot søraust og tilrettelegging for betre rassikring på Lesto. Dei legg til grunn at verknadene for jordverninteresser vert grundig vurderte opp mot samfunnsnyttan, som kan vere høg for ras-skjermingstiltak men låg for reine massedisponeringsbehov	Utviding med masser i sjøen fører til at det vert eit auka behov for rassikring der. Dette er nærare utgreia i planprosessen. Temaet jordressurser og landbruk er vurderte.
	Massehandtering Det er viktig at plassering av tunnelmassar vert vurdert opp mot eit heilskapleg masserekneskap for skipstunnelen, og etter ei samla vurdering av kvar massane gir størst samfunnsnytte og samtidig minst mogleg negative verknader for viktige allmenne interesser.	Massehandtering er vurdert i eige kapittel i planskildringa. Utgangspunktet er at massane i første hand skal takast i bruk andre plassar før deponering blir aktuelt.
	Det er viktig å sjå på dei samla verknadene av massehandteringa, ikkje berre på verknadene av endringane, og vurdere best moglege løysingar for ei berekraftig handtering av massane for områda samla.	Det er gjort ei heilskapleg vurdering av massehandteringa i planskildringa.
	Det vert vist til ressurspyramiden og at den skal leggjast til grunn, og at deponi er siste utveg. Sjå rundskriv T2/16 Miljøforvaltningens innsigelsespraksis, der massehandtering er kome inn som nytt tema i 2025	Massehandteringa er planlagd i tråd med ressurspyramiden der ombruk og nyttiggjering blir prioritert.
	Konsekvensar må avklarast, vurderast og reduserast gjennom planlegginga og skadereduserande tiltak. Negative konsekvensar er spesielt knytt til omsyn til natur, miljø, landskap, friluftsliv og landbruk. Det same gjeld for støy, støv og trafikkulempar frå massetransport og på område for massehandtering	Temaa er vurderte og omtalte i planskildringa.
	Ved utfylling i sjø må det gjerast greie for kva type massar som skal nyttast, kor mykje ein vurderer å fylle, og gjere greie for moglege avbøtande tiltak.	Det er eit eige kapittel om massehandtering i planskildringa til Stad skipstunnel.

		Det bør synleggjerast korleis planframlegget held seg til anna lovverk (forureiningslova, forureningsforskrifta, nml.)	Tatt til orientering
		Det må gå fram om planen fører til masseoverskot/-underskot, og om det er vurdert plangrep som balanserer dette. Ved stor omdisponering av massar internt, eller ved mellomlagring/bortkøying av massar, bør det utarbeidast ein massehandteringsplan	Prosjektet vil gi masseoverskot, og dette er omtalt i planskildringa. Det er krav om massehandteringsplan i planføresegnene.
		Samfunnstryggleik og beredskap/ROS-analyse Alle risiko- og sårbarheitstilhøve skal som hovudregel merkast med omsynssone på plankartet, og krav til risikoreduserande tiltak skal gå fram av planføresegnene.	Dette er gjort i gjeldande reguleringsplan og det blir vidareført med justeringar dersom det er aktuelt.
		Anna Det er viktig at både ny og tidlegare vedteken arealbruk vert sett i samanheng og vurdert samla.	Det er gjort ei heilskapleg vurdering av dei respektive utgreingstema.
Stad skipstunnel, planid			
PRIVATE			
2	Svein Lesto, bnr. 266 bnr. 18	Synnøve og Svein forstår det slik at den nye fyllinga vil endre området dramatisk og at nærleiken til strandområde og sjø blir endra. Fyllinga vil kome heilt inn på fritidseigedomen.	Fyllinga vert flytta lenger ut i sjøen og arealet nærmast strandlinja til Lesto blir liggjande urørt. Utfyllinga i sjøen, i framkant av fritidsbustaden, blir då liggjande som friområde som kan opparbeidast som parkliknande areal.
		Når dei ser at den nye tilførselsvegen mot tunnelen kjem heilt inn på hytta på oversida meiner dei at område blir forvandla i sær negativ retning for dei og vil føre til svært negativ verdiendring av eigedomen. Dei ber om ein forpliktande avtale om stell av det nye området slik at dei ikkje får eit	Reguleringsplanar er heimla i plan- og bygningslova og dei har berre til føremål å avklare framtidig arealbruk. Planen kan ikkje gi løyve eller rettar av privatrettsleg karakter.



		utfyllingsområde som blir liggjande som ei død fylling. Alternativt tenker dei at i staden for å fylle ut eit stort område utan planlagt nytte, er det betre å fylle stein i det djupaste området i Moldefjorden.	Slike avtalar må takast direkte med Kystverket, i eigen sak.
3	Jan Erik Meyer	Meyer ønskjer å fremje ein formell førespurnad om oppkjøp av hans eigedom. Han bur i direkte nærleik til det planlagde anleggsområdet, og han meiner at slik prosjektet er skildra vil anleggsperioden medføre vesentleg og langvarig belastning i form av støy, støv, vibrasjonar og omfattande tungtrafikk. Han meiner dette vil gjere eigedomen ueigna som bustad over lengre periode. Situasjonen er særleg alvorleg for dei som barnefamilie og det står fram som uforsvarleg å oppretthalde daglegliv og tryggleik under dei forholda som det vert lagt opp til. Belastninga vil vere langvarig og medføre arbeid på fleire frontar samtidig. Dei ønskjer at det vert vurdert oppkjøp av eigedomen som avbøtande tiltak. Han meiner at der er meir realistisk og forsvarleg løysing enn å forsøke å tilpasse seg ein kvardag prega av kontinuerleg anleggsaktivitet. Meyer ber om ei konkret vurdering av deira eigedom med tanke på oppkjøp, ei forklaring for kva kriteria som ligg til grunn for eventuelt oppkjøp av bustader i påverka område, ei avklaring på kva rettar dei har som husstand som blir påverka, og dei ventar seg at deira situasjon blir teken på alvor og at det blir vurdert om kor egna eigedomen vil vere for busetnad i anleggsperioden.	Det aktuelle arealet ligg ved markeringa.  Reguleringsplanar er heimla i plan- og bygningslova og dei har berre til føremål å avklare framtidig arealbruk. Planen kan ikkje gi løyve eller rettar av privatrettsleg karakter. Desse må takast direkte med Kystverket, i eigen sak. Forholda det blir vist til er allereie avklarte på tidlegare tidspunkt i samband med utarbeiding av gjeldande reguleringsplan og vedtak av denne. Endringane som dette planarbeidet legg opp til med mogleg ny anleggstunnel på sørsida av sjølvne skipstunnelen kan medføre noko meir transportar i området, dersom massane blir frakta ut den vegen. Eventuell etablering av denne anleggstunnelen og då eventuell auka belastning i forhold til det som allereie er vurdert i gjeldande plan blir først avklart i samband med detaljprosjekteringa av tiltaka.

OFFENTLEGE			
4	Fiskeridirektoratet 20.05.2026, (uttalen kom etter at fristen var gått ut)	Fiskeridirektoratet melder om at basert på oversendte dokumentasjon kan dei ikkje vurdere om endringane vil medføre uakseptabel negativ påverknad på dei interessa dei skal ta vare på. Det er uklart kor ny utfylling i sjø ved Lesto vil liggje. Utover det kan dei ikkje sjå endringar som vil vere av betydning for deira ansvarsområde. Dei har ikkje innspel til varsel om oppstart utover dei som følgjer av den generelle rettleiaren på nettsidene deira	Tatt til orientering.
		Fiskeridirektoratet ønskjer å bli høyrte når planforslaget vert lagt ut til offentleg ettersyn	Tatt til etterretning
5	Statens vegvesen (SVV) 05.05.2026	SVV viser til samtale med COWI AS og forklaring om at det er krevjande å få etablert gang- og sykkelveg slik den er regulert i gjeldande plan. Dette har å gjere med at ingen offentlege instansar, kommunen eller fylkeskommunen ønskjer å overta ansvaret for drift og vedlikehald av vegen etter at den er bygd. I tillegg vil vegen vere vanskeleg å byggje i samsvar med regulert løysing og det å byggje vegen i samsvar med krav i handbøker vil medføre ein svært høg nytte sett i forhold til forventa bruk fordi det mellom anna er særskild utfordrande geometrikrav.	Tatt til orientering
		SVV meiner at vedtak i saka bør fattast ut frå ei utgreiing som viser kva konsekvensar føreslegne endringar av gang- og sykkelvegen har i høve til: Framkome for mjuke trafikkantar Ulykkesrisiko i høve turvegen si utforming og dekkeval Konsekvensar, både i høve framkome og ulukkesrisiko, ved å etablere ein turveg utan ein eigar som er ansvarleg for naudsynt drift og vedlikehald av vegen	Tatt til orientering

6	Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE) 05.05.2026	Til oppstartsvarselet kjem NVE med generelle råd og viser til at dersom planen rører ved NVE sine saksområde, skal NVE ha tilsendt planen ved offentlig ettersyn. I plandokumenta må det gå tydeleg fram korleis dei ulike interessa er vurderte og innarbeidd i planen.	Tatt til orientering
7	Vestland fylkeskommune (VLFK), avdeling for næring, plan og innovasjon, 07.05.2026	Planfagleg merknad VLFK støttar vurderinga av at det er behov for tilleggsutgreiingar for å avklare verknadene av dei nye tiltaka som følgjer av planendringane og dei tema som skal utarbeidast tilleggsutgreiingar om.	Tatt til orientering
		Samferdsel VLFK gjev ein generell oversikt over tema som dei ber om vert tekne omsyn til i samband med reguleringsplanen. Dei særskilte merknadene til dette planarbeidet er at verknadene planløyisingane har for vegtransport og vegnettet vert utgreidd og kjem tydeleg fram av planomtalen, ROS-analysen og ev. konsekvensutgreiing.	Tatt til orientering
		Dei løfter fram trafikktryggleik som eit eige tema i planarbeidet, både i planomtalen, ROS-analysen og i KU (der det er krav om KU) behov for rekkjefølgjekrav særlege forhold med tanke på trafikktryggleik parkeringsdekning og -behov trafikkanalyse vurdere eigarforhold (t.d. i forhold til bygging av fortau, gang- og sykkelveg m.m.) konsekvensar for drift og vedlikehald av vegnettet ev. behov for gjennomføringsavtale, særleg der det er rekkjefølgjekrav om tiltak på fylkesveg	Det er særskilt avgrensa justeringar på land som følgjer av endringane av reguleringsplanen. Det er gjort vurderingar av moglege endringar i trafikken. Forhold som allereie er avklara i gjeldande reguleringsplan, der endringane ikkje får følgjer, er ikkje vurderte på ny.

		VLFK viser til tidlegare uttalar i samband med utarbeiding av reguleringsplanane knytt til Stad skipstunnel og seinare endringar av desse, og generelt til tidlegare korrespondanse med Kystverket, konsulentar og Stad kommune knytt til utarbeiding av reguleringsplanane	Det er gjort ei endring i planføresegnene der rekkjefølgjekrav er teke ut for etablering av Eidekrysset, samtidig som plankartet blir oppretthalde slik det er vedteke.
		Det må særleg takast omsyn til fylkesvegane ved vurderingar knytt til tilrettelegging for alternativ anleggstunnel på sørsida av regulert skipstunnel	Tatt til orientering
		Fylkeskommunen sine uttrykte synspunkt må leggjast til grunn ved revisjon/tydeleggjering av krav til utforming av tunnelportalar og støttemurar	Tatt til orientering
		Vassforvaltning I alle forslag til reguleringsplanar må det vurderast om planen kan ha innverknad på vassførekomstar i eller i tilknytning til planområdet. Vann-nett gjev viktig grunnlagsdata for alle reguleringsplanar og gode verktøy for å ta vare på vassmiljø er omsynssoner i plankartet, føresegner og retningslinjer Nye byggjetiltak kan ikkje gjere tilstanden av elver, innsjøar, kystvatn og grunnvatn dårlegare enn han er i dag, eller set miljømåla i risiko	Temaet er greia ut
		Oppsummert ber fylkeskommunen om at planarbeidet legg særleg vekt på forholdet til fylkesvegane i området.	Tatt til orientering
8	Statsforvaltaren i Møre og Romsdal, 12.05.2026	Statsforvaltaren har ingen særskilte merknader til utvida planområde no, men legg til at dei ønskjer å ha høve til å uttale seg når det ligg føre meir informasjon om planendringa.	Tatt til etterretning
1	Statsforvaltaren i Vestland 13.05.2026	Sjå innleiinga i dette dokumentet for felles uttale for alle tre reguleringsplanendringane	
Lesto næringsområde, planid			
OFFENTLEGE			
9	Statens vegvesen (SVV) 05.05.2026	SVV viser til at det i oppstartsvarelet for Lesto manglar informasjon om kvifor planendringa skal endre regulert gang- og sykkelveg til tursti.	Endring av regulert gang- og sykkelveg skjer i reguleringsplanen for Stad skipstunnel, ikkje i planen for Lesto næringsområde. Temaet er omtalt i planskildringa der.

		SVV viser difor til dialog med COWI AS og forklaringa om at ingen offentlege instansar, kommunen eller fylkeskommunen ønskjer å overta ansvaret for drift og vedlikehald av vegen etter at den er bygd. I tillegg vil vegen vere vanskeleg å byggje i samsvar med regulert løysing og det å byggje vegen i samsvar med krav i handbøker vil medføre ein svært høg nytte sett i forhold til forventa bruk fordi det mellom anna er særskild utfordrande geometrikrav.	Tatt til orientering Det er argumentasjonen for at gang- og sykkelveg blir justert til tursti.
		SVV meiner at vedtak i saka bør fattast ut frå ei utgreiing som viser kva konsekvensar føreslegne endringar av gang- og sykkelvegen har i høve til: framkome for mjuke trafikkantar ulykkesrisiko i høve turvegen si utforming og dekkeval konsekvensar, både i høve framkome og ulykkesrisiko, ved å etablere ein turveg utan ein eigar som er ansvarleg for naudsynt drift og vedlikehald av vegen	Tatt til orientering
		Ut over dette har dei ikkje merknader til varselet.	Tatt til orientering
10	Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE), 05.05.2026	NVE har i sin oversending berre vist til kva deira saksområde gjeld og til relevante lenker for arealplanlegging. Dei har ikkje kome med uttale til saka, men viser til at dersom planen rører ved NVE sine saksområde, skal dei ha tilsendt planen ved offentlig ettersyn, og at det i plandokumenta må gå tydeleg fram korleis dei ulike interessene er vurdert og innarbeidd i planen.	Tatt til orientering
11	Vestland fylkeskommune (VLFK), avdeling for næring, plan og innvoasjon, 07.05.2026	Planfagleg merknad VLFK støttar vurderinga av at det er behov for tilleggsgutgreiingar for å avklare verknadene av dei nye tiltaka som følgjer av planendringane og dei tema som skal utarbeidast tilleggsgutgreiingar om. Samferdsel VLFK gjev ein generell oversikt over tema som dei ber om vert tekne omsyn til i samband med reguleringsplanen.	Tatt til orientering Tatt til orientering

		Dei særskilte merknadene til dette planarbeidet er at verknadene planløyisingane har for vegtransport og vegnettet vert utgreidd og kjem tydeleg fram av planomtalen, ROS-analysen og ev. konsekvensutgreiing.	
		Dei løfter fram trafikktryggleik som eit eige tema i planarbeidet, både i planomtalen, ROS-analysen og i KU (der det er krav om KU) behov for rekkjefølgjekrav særlege forhold med tanke på trafikktryggleik parkeringsdekning og -behov trafikkanalyse vurdere eigarforhold (t.d. i forhold til bygging av fortau, gang- og sykkelveg m.m.) konsekvensar for drift og vedlikehald av vegnettet ev. behov for gjennomføringsavtale, særleg der det er rekkjefølgjekrav om tiltak på fylkesveg	Det er sær avgrrensa justeringar på land som følgje av endringa av reguleringsplanen. Det er gjort vurderingar av moglege endringar i trafikken. Forhold som allereie er avklara i gjeldande reguleringsplan, der endringane ikkje får følgjer, er ikkje vurderte på ny.
		VLFK viser til tidlegare uttalar i samband med utarbeiding av reguleringsplanane knytt til Stad skipstunnel og seinare endringar av desse, og generelt til tidlegare korrespondanse med Kystverket, konsulentar og Stad kommune knytt til utarbeiding av reguleringsplanane	Tatt til orientering
		Det må takast omsyn til fylkesveg 618 i samband med plassering av rassikringsvoll og sikringsgjerde. Endra avkøyrse til næringsområde må oppfylle krava til sikt og siktsonene må leggjast inn i plankartet.	Tatt til etterretning
		Vassforvaltning I alle forslag til reguleringsplanar må det vurderast om planen kan ha innverknad på vassførekomstar i eller i tilknytning til planområdet. Vann-nett gjev viktig grunnlagsdata for alle	Temaet er greia ut

		reguleringsplanar og gode verktøy for å ta vare på vassmiljø er omsynssoner i plankartet, føresegner og retningslinjer Nye byggjetiltak kan ikkje gjere tilstanden av elver, innsjøar, kystvatn og grunnvatn dårlegare enn han er i dag, eller set miljømåla i risiko Oppsummert ber fylkeskommunen om at planarbeidet legg særleg vekt på forholdet til fylkesvegane i området.	
1	Statsforvaltaren i Vestland 13.05.2026	Sjå innleiinga i dette dokumentet for felles uttale for alle tre reguleringsplanendringane	Med unntak for flytting av avkøyrslle til utbyggingsområde BAA1 er det ikkje gjennomført endringar for fylkesvegane sett opp mot gjeldande godkjent reguleringsplan.
12	Vestland fylkeskommune, avd. for infrastruktur og veg 01.06.2026	Fylkeskommunen har ettersendt ein uttale på bakgrunn av ein feil i samband med uttale til mindre reguleringsendring etter forenkla prosess som kom i forkant av dette reguleringsplanarbeidet. Dei ønskjer difor at deira uttale blir teke med i denne planprosessen. Det gjerast merksam på at uttalen òg har kome etter uttalefristen til oppstartsvarelet for denne planprosessen. VLFK viser til at fv. 618 går gjennom planområdet og at dei har vore i omfattande dialog med Kystverket og Stad kommune for å ivareta omsyna til fylkesvegen i planarbeidet både for å sikre fylkesvegane i ferdig utbygd tiltak, men òg i samband med anleggsarbeidet som skal gå over fleire år. Avdelinga <i>infrastruktur og veg</i> har ingen merknadar til avkøyrsla til næringsområdet blir flytta 260 m lenger nord så lenge siktkrava i avkøyrsla er oppfylt og siktsonene blir lagt inn i plankartet. For området LS1 må byggjegrensa langs fv. 618 vere 15 m, og ikkje gå i føremålsgrensa.	Tatt til orientering Tatt til orientering. Siktkrava er oppfylt og avkøyrsla er vist i plankartet med siktsoner. Tatt til etterretning

Kjøde næringsområde planid			
OFFENTLEGE			
13	Statens vegvesen (SVV) 05.05.2026	SVV har ikkje veganlegg i planområdet som er eigde eller drifta av staten. Dei føreset difor at alle avklaringar til andre offentlege veganlegg i området er drøfta og godkjende av Stad kommune og Vestland fylkeskommune før planen vert lagd ut til offentlig ettersyn. Dei minner samtidig om at planarbeidet må sikre mjuke trafikantar sin trafikktryggleik. Ut over det har dei ikkje merknader til varselet.	Tatt til orientering
14	Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE), 05.05.2026	NVE har i sin oversending berre vist til kva deira saksområde gjeld og til relevante lenker for arealplanlegging. Dei har ikkje kome med uttale til saka, men viser til at dersom planen rører ved NVE sine saksområde, skal dei ha tilsendt planen ved offentlig ettersyn, og at det i plandokumenta må gå tydeleg fram korleis dei ulike interessene er vurdert og innarbeidd i planen.	Tatt til orientering
15	Vestland fylkeskommune (VLFK), avdeling for næring, plan og innovasjon, 07.05.2026	Planfagleg merknad VLFK støttar vurderinga av at det er behov for tilleggsutgreiingar for å avklare verknadene av dei nye tiltaka som følgjer av planendringane og dei tema som skal utarbeidast tilleggsutgreiingar om.	Tatt til orientering
		Samferdsel VLFK gjev ein generell oversikt over tema som dei ber om vert tekne omsyn til i samband med reguleringsplanen. Dei særskilte merknadene til dette planarbeidet er at verknadene planløyisingane har for vegtransport og vegnettet vert utgreidd og kjem tydeleg fram av planomtalen, ROS-analysen og ev. konsekvensutgreiing.	Tatt til orientering

	Dei løfter fram trafikktryggleik som eit eige tema i planarbeidet, både i planomtalen, ROS-analysen og i KU (der det er krav om KU) behov for rekkjefølgjekrav særlege forhold med tanke på trafikktryggleik parkeringsdekning og -behov trafikkanalyse vurdere eigarforhold (t.d. i forhold til bygging av fortau, gang- og sykkelveg m.m.) konsekvensar for drift og vedlikehald av vegnettet ev. behov for gjennomføringsavtale, særleg der det er rekkjefølgjekrav om tiltak på fylkesveg	Det er sær s avgrensa justeringar på land som følgje av endringa av reguleringsplanen. Det er gjort vurderingar av moglege endringar i trafikken. Forhold som allereie er avklara i gjeldande reguleringsplan, der endringane ikkje får følgjer, er ikkje vurderte på ny.
	VLFK viser til tidlegare uttalar i samband med utarbeiding av reguleringsplanane knytt til Stad skipstunnel og seinare endringar av desse, og generelt til tidlegare korrespondanse med Kystverket, konsulentar og Stad kommune knytt til utarbeiding av reguleringsplanane	Tatt til orientering
	Det må takast omsyn til fylkesveg 620 ved plassering av sikringsvoll på sjøfylling og mellombels lagring av steinmassar og matjord.	Tatt til orientering
	Oppsummert ber fylkeskommunen om at planarbeidet legg særleg vekt på forholdet til fylkesvegane i området.	Tatt til orientering
	Vassforvaltning I alle forslag til reguleringsplanar må det vurderast om planen kan ha innverknad på vassførekomstar i eller i tilknytning til planområdet. Vann-nett gjev viktig grunnlagsdata for alle reguleringsplanar og gode verktøy for å ta vare på vassmiljø er omsynssoner i plankartet, føresegner og retningslinjer	Temaet er greia ut

		Nye byggjetiltak kan ikkje gjere tilstanden av elver, innsjøar, kystvatn og grunnvatn dårlegare enn han er i dag, eller set miljømåla i risiko	
16	Møre og Romsdal fylkeskommune, 08.05.2026	Fylkeskommunen har ingen merknader til oppstartsvareselet.	Tatt til orientering
17	Statsforvaltaren i Møre og Romsdal, 12.05.2026	Statsforvaltaren har ingen særskilte merknader til utvida planområde no, men legg til at dei ønskjer å ha høve til å uttale seg når det ligg føre meir informasjon om planendringa.	Tatt til etterretning
1	Statsforvaltaren i Vestland 13.05.2026	Sjå innleiinga i dette dokumentet for felles uttale for alle tre reguleringsplanendringane	